

Årsmelding – Mardal krins 2008

Styret i 2008 har bestått av:

Jan Erik Mardal, leiar
Irene Nesje Roset, kasserar
Lise Elvebakk
Arne Samestad
Ellinor Solheim Fagerli
Jan Fossheim
Bukta 4H v/ representant

Revisorar: Knut K. Fitje og Kornelius Samestad.

Andre kontaktpersonar i krisen er:

Jon Finstad: Tilsyn med oppvarming, påsetting av varme ved arrangement, avlesing
straummålar m.m.

Svein-Ove Langeteig: Redaktør buktaavl.no

Kornelius Samestad: Flaggheising mv.

Styret har hatt 7 styremøter og gjennomført følgjande aktiviteter:

- Påskebingo og pub m/quiz (19. mars)
- Dugnad (28. april)
- Hestekokasting (15. juni)
- Krinsbasar (28. sept)
- Juleverkstad (7. des)
- Julepub (3. juledag)

Det har elles i regi av krinsen blitt gjennomført følgjande arrangement med egne komitear:

- 17. mai
- Jonsok (4H og krinsen)
- Bygdakvelden, 16. nov.
- Juletreff, 4. dag

Det har vore god opplutning omkring arrangementa i krinsen. Ein ser også at det på enkelte arrangement kjem mykje folk som bur utanfor krinsen – noko som er svært gledeleg.

Styret vil berømme kommiteane og 4H for stor innsats!

Utover dette vil vi også nemne til dei aktivitetane som skjer elles i krinsen: Buktabladet, Tysdagsturane, Bukta 4H og Sykkelklubben.

Bukta 4H fylte 50 år i 2008 – noko som vart feira med jubileumsfest. Krinsen gav ei pengegåve stor kr. 1000,-.

Det har i 2008 blitt gjennomført ulike utbetringstiltak i tillegg til det arbeidet som vart gjort på dugnaden:

- Kitting av kjellarglasa (inne), oppattmåling. Arbeidet pågår framleis – dette er eit nitidig arbeid i regi av Lise (som også har gjort ei rekkje andre tiltak i eigenregi).
- Knuste glastruter skifta ut (Arne)
- Tilbygget måla ett strøk. Nytt strøk må til i år.
- Ny dør kjellar. Takk til Arne Samestad for teikningar, innkjøp og montering!
- Utskifting av lamper i klasseromma i regi av Jon Ove Book (pågår)

Det vart i 2008 gjort følgjande innkjøp (utover vanleg rekvisita):

- Lamper til klasseromma (jf. ovanfor). Kjøpt brukte via Henden elektro.
- Dessertskeier/teskeier
- Mikrofon og mygg knytt til teleslynge

Det vert arbeidd med innkjøp av eit antall stolputer. Desse er snart på plass..

Om du har tips til noko som trengs – tips styret!

Styret er opptatt av at informasjon om arrangement i krinsen blir kommunisert best mogleg. Ein nyttar til dette oppslag på Buktanavlen, lappar i posten, plakatar, Buktabladet og annonse i Firda Tidend. Ikkje alle nyttar internett. Det er difor praksis at informasjonen helst skal skje skriftleg ved bruk av lappar i posten og liknande. Styret ser likevel at nettsida blir lest av svært mange og fungerer godt som informasjonskanal.

Det er inngått av avtale med Gloppen Camping om levering av boss etter arrangement. Bossekkan kan kastast i container ved camingplassen. Vi minner om at kvar enkelt leigetakar sjølv er ansvarleg for at søppel blir fjerna.

Styret ser behov for at det blir sett ned ein komité som skal arbeide med å lage ein utbetningsplan for skulehuset. Det er mange tiltak som ikkje kan vente. Det må likevel gjerast ei prioritering av kva som er det mest nødvendige innanfor dei økonomiske rammene.

Styret ser behov for at det blir kjøpt inn ein plenklippar som kan stå på skulen. Dersom nokon har ein brukande klippar ståande som ein ønskjer å kvitte seg med, er det berre å ta kontakt.

Rekneskapen for 2008

Inntekter:

- 57 husstandsmedlemmar (noko nedgang frå 2008 med 70 medlemmar)
- Kulturmidlar: kr. 4000,-
- Gåve frå Sparebanken: kr. 1000,-
- Samla inntekter: kr. 84.312,-

Utgifter:

- Markant nedgang i straumforbruket
- Om lag kr. 25.000,- til utbetringstiltak, av dette kr. 17.000 til ny dør.
- Samla utgifter: kr. 85.040,-
- Bankbeholdning per 31.12.2008: **kr. 69.166,-**

Styret vil bemerke at det er potensiale i forhold til å auke medlemstalet og på å auke leigesatsane.

Bukta, 25. januar 2009

Krinsstyret v/ leiar